


Strategi for tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL) 2024 – 2032 for Vindafjord kommune



Jordhumle på kvitkløver, foto: Gaute Widerøe Hennig

Utarbeidd av eining for areal og forvaltning og ferdigstilt januar 2024

Politisk vedteke i utval for drift, utvikling og kultur den 05.02.2024

Innhald

Bakgrunn.....	3
Overordna føringar.....	3
Regelverk.....	3
Proessen.....	3
Om jordbruket, kulturlandskapet og miljøutfordringar i kommunen.....	4
Om jordbruket i kommunen.....	4
Utvikling i jordbruket i Vindafjord.....	4
Kategoriar og tiltak.....	6
Kulturlandskap.....	6
Istandsetting, skjøtsel og vedlikehald av kulturlandskapet.....	6
Piggtråd.....	6
Biologisk mangfald.....	7
Trua natur, trua artar og utvalde naturtypar.....	7
Pollinerande insekt.....	7
Fjerning av framandartar.....	8
Friluftsliv.....	8
Kulturminne og kulturmiljø.....	8
Kulturminne.....	8
Kulturmiljø.....	9
Forureiningstiltak.....	9
Utslepp til luft.....	9
Plantevernmidlar.....	9
Vassdrag og avrenning til vatn.....	10
Tilrettelegging og planlegging av tiltak.....	11
Søknad, tilskotssatsar og vedtak.....	11

Bakgrunn

Hovudformålet med SMIL-strategien er å stimulere aktive landbruksføretak som søker om produksjonstilskot og avløysartilskot til ein ekstra innsats ut over den daglege drifta på tiltak innan kulturlandskap og ureining. Gjennom denne SMIL-strategien vil kommunen i samarbeid med landbruket, vere med på å ta vare på kulturlandskapet i tråd med nasjonale og regionale føringar for landbrukspolitikken. Ivaretaking av kulturlandskapet og styrking av det biologiske mangfaldet ut over normal landbruksproduksjon etter naturmangfaldlova og å redusere ureining etter vassforskrifta er framheva som sentrale satsingsområde.

Overordna føringar

Følgjande styringsdokument ligg til grunn for arbeidet og prioriteringane:

- Landbruksplan for Vindafjord kommune
- Kulturminneplan for Vindafjord kommune
- Regional plan og regionalt tiltaksprogram for vassforvaltning i Vannregion Rogaland
- Nasjonalt miljøprogram 2023-2026
- Rundskriv 2021-18 «[Forskrift om spesielle tiltak i landbruket – kommentarar til regelverk](#)» frå Landbruksdirektoratet.

Regelverk

Utarbeiding av tiltaksstrategien og bruken av ulike tilskotsordningar er heimla i «*Forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket*» §§ 1 - 8 saman med andre aktuelle lover (lov om naturmangfald, kulturminnelova, forureiningslova, med fleire).

Kommunen har rettleiings- og tilretteleggingsansvar og er vedtaksmyndigheit for alle søknadar på SMIL-tilskot. Statsforvaltaren har mellom anna ansvar for å legge til rette for at kommunane har gode rutinar i si saksbehandling, behandlar søknadar om dispensasjon og er klageinstans på kommunale vedtak.

Proessen

Den lokale SMIL-strategien er utarbeidd av eining for areal og forvaltning i samsvar med overordna føringar og lokale prioriteringar. Statsforvaltaren har vore involvert og kome med innspel undervegs i prosessen. Tiltaksstrategien gjeld for 8 år, frå 2024 til 2032, men kan reviderast ved eventuelle endringar i nasjonale eller regionale målsettingar for SMIL.

Tiltaksstrategien er politisk behandla i kommunen den 05.02.2024.

Om jordbruket, kulturlandskapet og miljøutfordringar i kommunen

Om jordbruket i kommunen

Det har vore drive jordbruk i regionen vår i fleire tusen år, og det er dette menneskepåverka landskapet vi kallar kulturlandskap. Etter kvart har også skogbruk og framvekst av tettstader i aukande grad påverka landskapet. Kulturlandskapet er ein viktig del av vår kulturarv og representerer store kulturverdiar. Kulturlandskapet er og viktig i høve til det biologiske mangfaldet, reiselivet og ikkje minst som ein trivselsfaktor for allmenta.

Vindafjord er ein stor landbrukskommune og største landbrukskommune på Haugalandet. Det er 83 022 dekar med jordbruksareal i kommunen, noko som utgjer om lag 13,4% av det totale arealet. Kommunen er stor på gris i tillegg til grovforbaserte husdyr. Presset på grovforareal er stort, det same gjeld spreieareal for husdyrgjødsel. Kommunen har mykje beitedyr og store områder med inn- og utmarksbeite. Med større driftseiningar og færre personar med gardsdrift som eineyrke ser kommunen at lite rasjonelle og tungdrivne areal etter kvart går ut av drift og gror att. Dette utgjer ein fare for det tradisjonelle og artsrike kulturlandskapet, og det er mykje kulturmark som står i fare for å gå tapt.

Samtidig som landbruket er ei viktig næring for kommunen og gir grunnlag for å halde i hevd kulturlandskapet, kan det ha negativ verknad på både miljø og klima. Landbruk er ei arealkrevjande verksemd som legg press på areal med viktige naturverdiar, og kan medføre forureining med næringsstoff og plantevernemiddel til vatn og klimagassar til luft. Dagens intensive jordbruksdrift kan diverre vere ei stor belastning for både naturen og jordbruket sitt eige driftsgrunnlag. Difor kan ein gjennom SMIL-ordninga få tilskot til tiltak som går utover normal jordbruksdrift for å ta vare på gamal kulturmark, biologisk mangfald, kulturminne/-miljø, verneverdig bygningsmasse, legge kulturlandskapet/utmark til rette for allmenta og hindre gjengroing og forureining.

Utvikling i jordbruket i Vindafjord

Utvikling i søkjarar av produksjonstilskot og regionalt miljøprogram (RMP) i Vindafjord

År	2014	2018	2022
Søkjarar av produksjonstilskot	404	385	377
Søkjarar til regionalt miljøprogram (RMP)	200	230	244
Føretak med økologisk drift	5	5	4

Antal husdyr/mengde grønnsaker, frukt og bær tatt frå søknadar om produksjonstilskot. Tal over husdyr frå 2014 er henta frå statistikkbanken til SSB som ikkje har oversikt over alle variablar.

År	2014	2018	2022
Anna storfe	7 447	7 546	8 243
Mjølkekyr	2 875	2 785	2 531
Vinterfôra sau	14 224	15 958	14 559
Slaktegris	-	14 904	12 817
Mjølkegeiter	-	510	662
Andre geiter (kjøt + amming)	-	497	741
Verpehøns	4 833	5 674	12 157
Grønnsaksproduksjon (i tonn)	-	760 tonn	1028 tonn
Frukt og bær	-	4,8 tonn	5,4 tonn

Utvikling av antal jordbruksføretak tatt frå søknadar om produksjonstilskot. Tal over husdyr frå 2014 er henta frå statistikkbanken til SSB som ikkje har oversikt over alle variablar.

År	2014	2018	2022
Husdyrsføretak i alt	390	346	329
Anna storfe	-	186	184
Mjølkekyr	132	115	96
Vinterfora sauer	-	236	215
Mjølkegeiter	-	2	3
Anna geiteproduksjon	-	16	21
Svineprodusentar	-	57	44
Høner	-	7	9
Grønnsaksproduksjon	3	4	4
Frukt og bær	8	4	4

Produktive areal i Vindafjord (dekar):

År	2014	2018	2022
Fulldyrka areal	43 547	43 115	43 719
Overflatedyrka areal	2 189	2 433	2 868
Innmarksbeite	36 145	36 737	36 435
Produktiv skog	217 611	215 338	212 803

Kategoriar og tiltak

Kulturlandskap

Gjennom drift av jordbruk over tusen år har det utvikla seg eit landskap med tilhøyrande rikt biologisk mangfald av planter, sopp og insekt spesielt tilpassa natur som er halde i hevd av menneske. Det er dette me kallar kulturlandskap og/eller semi-naturlege økosystem. Desse økosystema er avhengige av moderat beiting, lite eller ingen gjødsling og skånsam skjøtsel for å haldast i hevd. For lite eller ingen bruk av slike område vil føre til gjengroing, medan for intensiv bruk vil føre til mindre artsmangfald og tapte økosystemtenester. Dagens utvikling av jordbruket, der det blir færre, men større og meir intensive gardsbruk, er ein trussel for det tradisjonelle og artsrike kulturlandskapet som har vore rundt oss i lang tid. Tungdrivne og bratte areal blir tatt ut av drift og gror igjen, medan brukbare areal blir drive meir intensivt med større maskinar, noko som kan føre til større press på jordsmonnet og lågare artsrikdom. Nesten 30% av alle trua artar i Noreg er tilknytt kulturlandskapet.¹ Det er difor ekstra viktig å ta vare på det som er igjen av tradisjonelt kulturlandskap, då det store artsmangfaldet gjev grunnlag for mange økosystemtenester som me menneske igjen er avhengige av, til dømes pollinering. I tillegg er kulturlandskapet ein viktig del av vår kulturarv og viktig for rekreasjon og friluftsliv.

Istandsetting, skjøtsel og vedlikehald av kulturlandskapet

Gjennom SMIL kan det bli gitt tilskot til kulturlandskapstiltak som ivaretek natur- og kulturminneverdiar i jordbrukslandskapet, til dømes gjennom istandsetting, skjøtsel og vedlikehald. Varige skjøtselstiltak skal normalt gjennomførast innanfor regionalt miljøprogram (RMP), medan ein gjennom SMIL kan få eingongstilskot til å etablere eit grunnlag for vidare skjøtsel (til dømes rydding av kystlynghei, etablering av blomeeng, restaurering av gamal kulturmark, m.m.). Det finst derimot unntak, noko som er nærare beskrive i rundskriv 2021-18 «[Forskrift om spesielle tiltak i landbruket – kommentarar til regelverk](#)» frå Landbruksdirektoratet. Det er viktig at tiltaka ikkje kjem i konflikt med viktige naturverdiar eller kulturminne, og det er anbefalt å ta kontakt med fagleg kompetanse i landbruks- og miljøforvaltninga eller andre kompetansemiljø i søknadsprosessen.

Piggtråd

I 2021 blei det starta eit krafttak mot piggtråd, der ein kunne få tilskot til fjerning av piggtråd sett opp før 2010. Dette tilskotet er nå ein del av SMIL, og då det framleis er mykje gamal piggtråd rundt om i kommunen, vil tiltak for fjerning av gamal piggtråd bli prioritert framover. Det kan bli gitt ein viss sum i tilskot per meter gjerde med piggtråd (altså ikkje per meter piggtråd), og denne summen blir bestemt ut frå kor mange raster med piggtråd som er sett opp og kor vanskeleg arbeidet med å ta det ned er ut frå beskrivinga i søknaden. Både arbeidstimar og kostnad av utstyr

¹ Artsdatabanken (2021). Hvor finnes de truede artene? Norsk rødliste for arter 2021. <https://www.artsdatabanken.no/rodlisterforarter2021/Resultater/Hvorfinnes...>. Nedlasta 16.01.24.

som skal brukast i tiltaket kan takast med i kostnadsoverslaget i søknaden. Tilskotet kan ikkje overstige 70% av totalt kostnadsoverslag.

Biologisk mangfald

Sjølv om Vindafjord kommune er rik på naturverdiar er mange av desse verdiane hardt pressa av menneskeleg påverknad, og kommunen vil difor ha ei auka satsing på bevaring av desse verdiane framover. Mykje av det biologiske mangfaldet i kommunen er påverka – både positivt og negativt – av jordbruket, og tiltak som ivaretek biologisk mangfald og gamal kulturmark vil difor bli prioritert i den lokale SMIL-strategien.

Biologisk mangfald er mangfaldet av økosystem, artar og genetiske variasjonar innafor artane, og dei økologiske samanhengane mellom desse komponentane. Dette mangfaldet er ikkje berre viktig for at naturen rundt oss skal vere funksjonell, men det bidreg samtidig med viktige økosystemtenestar som landbruket og me som menneske er heilt avhengige av.

Gamal kulturmark er areal med vegetasjon utforma ved slått, beiting, styving, sviing eller andre driftsformer gjennom ein lang periode. Desse areala har som regel ikkje blitt gjødsla og kan ha eit plante- og dyreliv som skil seg frå det som elles kan vere vanleg i området. Desse areala er ikkje prega av moderne jordarbeiding, og er dominert av naturleg gras- og urtevegetasjon og er ofte spesielt artsrike.

Aktuelle tiltak som det kan bli gitt støtte til gjennom SMIL-ordninga kan vere:

- Etablering, restaurering, utbetring og skjøtsel av område og landskapselement som bidreg til å utvikle og ivareta leveområde og spreingsveggar for planter og dyr
- Istandsetting og skjøtsel gjennom beiting, brenning, slått, styving, lauving/rising eller anna form for hausting/skjøtsel av gamal kulturmark

Trua natur, trua artar og utvalde naturtypar

Det kan bli gitt tilskot gjennom SMIL-ordninga til tiltak som tek vare på trua natur og trua artar. Desse tiltaka skal forvaltast etter målretta handlingsplanar. Istandsetting, restaurering og/eller skjøtsel av dei utvalde naturtypane høle eiker, slåttemark, slåttemyr, naturbeitemark og kystlynghei er døme på SMIL-tiltak som fremjar biologisk mangfald og er knytt til kulturlandskapet. Tiltak for raudlista artar, som til dømes vipe, åkerrikse og fleire sommarfuglartar, kan og få støtte gjennom SMIL-ordninga.

Pollinerande insekt

Levedyktige og produktive bestandar av villbier (blant anna humler) og andre pollinerande insekt har stor betydning for naturmangfald og matproduksjon, og tiltak som kan kategoriserast som pollinatorvenlege vil bli prioritert i denne SMIL-strategien. Variert landskap og eit mangfald av naturtypar med tilgang til eigna yngleområde, oppvekstområde og mat (blomar) er avgjerande for at pollinatorar skal klare seg og bidra med viktige økosystemtenestar. Etablering/restaurering og riktig skjøtsel av kantsoner, slåttemark, naturbeitemark og kystlynghei er døme på tiltak som kan vere pollinatorvenlege.

Fjerning av framandartar

Framande artar (også kalla svartelista/invasive artar) er ein stadig større trussel mot det biologiske mangfaldet. Tiltak for å avgrense og eller fjerne slike artar kan bli gitt tilskot gjennom SMIL-ordninga då det kan bidra til å ivareta eller gi auka biologisk mangfald. Ved tiltak mot slike artar skal det føreligge ein tiltaksplan som følger retningslinjer for tiltak mot den bestemte arten. Det kjem til å vere eit vilkår at tiltaket ikkje fører til vidare spreiding av arten (til dømes ved flytting av massar). Bruk av plantevernmidlar skal dokumenterast og føreset løyve frå anten kommune eller Mattilsynet, ut frå om tiltaket skal skje i nærleiken av vassdrag eller ikkje. Sjå meir om dette i [Mattilsynet sin rettleiar](#) om bruk av plantevern.

Friluftsliv

Vindafjord kommune har gode moglegheiter for friluftsliv og rekreasjon i både jordbrukslandskap og skog/utmark. Ofte må ein gå gjennom jordbruksareal for å kome ut til fjell, skog og utmark, og det er viktig med tilrettelegging for å gjere dei flotte turmoglegheitene i kommunen tilgjengelege for allmenta. Kommunen har dei siste åra gjennomført større prosjekt for opparbeiding og tilrettelegging av turstiar i kommunen. Dette er eit viktig arbeid som vil bli følgt opp framover.

Det kan gis tilskot gjennom SMIL-ordninga til tiltak som aukar moglegheita for rekreasjon og friluftsliv i jordbrukslandskapet. Viss tiltaket går over fleire jordbrukseigedomar er det mogleg å søke fleire i lag og få inntil 100% i tilskot. Aktuelle tiltak kan vere knytt til:

- Etablering, utbetring, rydding, merking og vedlikehald av stiar og turveggar i jordbruksområde
- Sikre tilgjenge til kulturminne og kulturmiljø for allmenta (tilkomst, stiar, merking, portar, parkering, informasjon)
- Utsetting/utskifting av gjerdeklyvarar og hundeportar knytt til turstiar
- Tilrettelegging for/merking av tilkomst til utmark og strandsoner

Ved utforming av slike tiltak skal ein unngå vesentlege negative effektar på natur- og kulturminneverdiar, og det vil i prinsippet ikkje bli gitt tilskot til turveggar/stiar i skog og utmark, berre i jordbrukslandskap.

Kulturminne og kulturmiljø

I Vindafjord kommune har det vore jordbruk i lange tider, noko som etterlet seg spor i form av kulturminne, kulturmiljø og verneverdige bygningar. Desse er viktige å ta vare på både for å vise jordbrukshistoria i kommunen, men og for å bevare det estetiske uttrykket i kulturlandskapet.

Kulturminne

Kulturminne er alle spor etter menneskeleg verksemd i vårt fysiske miljø, inkludert lokalitetar som det er knytt historiske hendingar, tru eller religion til. Døme på kulturminne tilknytt jordbrukslandskapet kan vere:

- Bygningar på gardstun og i inn- og utmark (våningshus, driftsbygningar, eldstover, naust, m.m.)
- Bustader, hustuffer, ruiner, gardshaugar

- Gravhaugar og – røyser, helleristingar, offerstadar
- Rydningsrøyser, veiter/vatningsanlegg, bakkemurar, tre- og steingjerde
- Gamle vegfar, stiar, vegmerke, klopper, vad, tre-/steinbruer
- Jakt-, fiske- og fangstinnretningar, stakktufter, jernvinneplassar, fløtningsdammar

Kulturmiljø

Kulturmiljø er område der kulturminne inngår i ein større samanheng, jf. § 2 i kulturminnelova. Døme på dette kan vere gardstun, seteranlegg, samling gravhaugar og naustmiljø.

For å få tilskot gjennom SMIL-ordninga må tiltaket vere tilknytt eit freda eller gammalt kulturminne/-miljø som har særskilt kulturhistorisk verdi. Regional kulturminneforvaltning må kontaktast ved til dømes istandsetting av eller skjøtsel rundt freda kulturminne (dersom dette går utover tradisjonell bruk som slått eller beiting). Alle tiltak bør gjennomførast etter prinsipp som kulturminneforvaltninga legg til grunn, blant anna at:

- Mest mogleg av opphavelege element eller eigenart og heilskap blir bevart
- Ein gjer så få endringar som mogleg, og set i stand mest mogleg av opphavelege material framfor å skifte ut alt
- Tradisjonelle, stadeigne materiale og handverksteknikkar og fargar bør bli brukt

Forureiningstiltak

SMIL-tilskot kan bli gitt til gjennomføring av tiltak som kan bidra til å redusere forureining – eller risikoen for forureining – og avrenning frå jordbruket. Dette kan omfatte tiltak som reduserer erosjon og tap av jord, næringsstoff og plantevernmidlar, men og tiltak som reduserer utslepp av klimagassar og anna forureining til luft. Formålet med tiltaka vil vere å:

- Sikre godt vassmiljø i jordbrukspåverka område
- Redusere utslepp av ammoniakk frå jordbruket
- Redusere utslepp av klimagassar frå jordbruket
- Redusere helse- og miljørisiko ved bruk av plantevernmidlar

Utslepp til luft

Det kan bli gitt SMIL-tilskot til tiltak som reduserer forureining til luft. Dette kan til dømes vere å etablere tett dekke over eksisterande gjødsellager, noko som vil redusere utslepp av særleg ammoniakk, men også andre klimagassar. Dekket skal vere av varig karakter, ha minst 10 månaders lagringskapasitet og vere såpass tett at det reduserer utslepp til luft. Andre tiltak som kan redusere utslepp av klimagassar kan også få støtte gjennom SMIL-ordninga.

Plantevernmidlar

Tiltak som reduserer risiko for tap av plantevernmiddel, som biobed ved påfyllingsplassar og liknande, kan gis tilskot gjennom SMIL-ordninga.

Vassdrag og avrenning til vatn

Vindafjord kommune har mange vassdrag, store og små, som renn gjennom landskapet. Samtidig som desse vassdraga er viktige habitat og skapar livsgrunnlag for eit mangfald av artar, bidreg dei også med viktige økosystemtenester ved å både tilføre nødvendige vassressursar og ved å transportere vekk overfløydige vassmengder. Det er difor viktig både for jordbruket og naturen at vassdraga er i god stand til å både oppretthalde økologiske og hydrologiske funksjonar. Diverre har fleire av vassdraga i kommunen vore hardt pressa både med tanke på forureining og avrenning av gjødsel, samtidig som mange av vassdraga har fått dårlegare økologisk og hydrologisk tilstand grunna utretting, forbygging eller røyrlegging. Dei siste åra har det blitt gjort ein stor innsats i å forbetre vasskvaliteten i fleire vassdrag, då med særleg fokus på Vatsvassdraget og vassdrag som renn ned i Skjoldafjorden. Framover kjem det også blant anna til å vere fokus på det verna Vikedalsvassdraget. Det har i tillegg blitt gjort ei rekke habitatforbetrande tiltak for anadrom fisk i fleire små og store vassdrag rundt om i kommunen gjennom Sjøaureprosjektet (finansiert av Miljødirektoratet), noko som også kjem til å fortsette i åra framover.

Gjennom SMIL-ordninga vil kommunen prøve å setje fokus på å restaurere bekker og vassdrag, både gjennom habitatforbetrande tiltak, men også gjennom gjenopning av bekker som i dag går i røyr. Gjenopning av bekkelukkingar inneber graving av open kanal til erstatning for eksisterande lukka bekk eller avløp, fortrinnsvis anlegg som må utbetrast. Dette vil bidra til større sjølvreinsande effekt. Opne kanalar og bekker kan og ha ei positiv effekt for pollinerande insekt, biologisk mangfald, landskapsomsyn, m.m. Tiltak som dette vil potensielt og kunne gi betre flaumhandtering, noko som passar inn i ei tid der ein må tilpasse seg auka nedbørsmengder.

Andre tiltak i og rundt vassdrag ein kan få støtte til gjennom SMIL-midlar kan vere:

- **Utbetring/supplering av hydrotekniske anlegg**

Eldre og underdimensjonerte hydrotekniske anlegg med behov for utbetring/utskifting kan få støtte gjennom SMIL-ordninga for å redusere risikoen for erosjon og avrenning av næringsstoff. Dette kan til dømes vere kanalar, lukkingsanlegg, røyrgater, kummer og kumdammar. Vanleg grøfting/drenering av jordbruksareal fell ikkje innanfor SMIL-ordninga, men kan vurderast innanfor ordninga «[Drenering av jordbruksjord](#)». Ein kan på same areal og i same arbeidsoperasjon, ikkje kombinere tilskot til drenering og SMIL-tilskot til hydrotekniske tiltak

- **Erosjonssikring og flaumdempande tiltak**

Flaumdempande tiltak er tiltak som forseinkar avrenning og som kan redusere flaumtoppar og erosjon, til dømes fordrøyingsdammar eller kvistdammar med formål å bremse opp vatnet for å unngå høg flaumtopp nedstraums. I visse tilfelle kan ein og få støtte til erosjonssikring av elve- og bekkekantar ved å steinsette utsette parti. Verknaden på biologisk mangfald av eit slikt tiltak skal då vere minst mogleg og bli tatt med i vurderinga.

- **Fangdammar/reinseparkar**

Fangdammar/reinseparkar er økologiske reinsetiltak som reduserer negative miljøpåverknadar av erosjon og avrenning av næringsstoff og plantevernemiddel ved hjelp av naturen si sjølvreinsingsevne. Det kan bli gitt støtte både til etablering av ny og tømning av eksisterande fangdam/reinsepark.

- **Tiltak for å redusere avrenning frå eksisterande veksthus**

Ein kan få tilskot gjennom SMIL-ordninga til resirkuleringsanlegg eller tiltak som gjer at gjødselvatn blir nytta. Ein kan ikkje få tilskot til reinseanlegg i gartneri med resirkuleringsanlegg utan reinsing.

- **Andre tiltak knytt til vassdrag og avrenning**

Tilrettelegging og planlegging av tiltak

I større heilskaplege miljø- og kulturlandskapsprosjekt kan det vere behov for meir omfattande planlegging og prosjektering. Det kan til dømes vere prosjektering og tilrettelegging av tursti som går over fleire landbrukseigedomar, plan for restaurering og tilgjengeleggjering av kulturminne i kulturlandskapet, tiltak knytt til eit vassdrag (til dømes restaurering, etablering av kantsone, m.m.), restaurering/skjøtsel av seteranlegg og kartlegging av natur. Då slike tiltak, ofte med fleire aktørar, kan vere administrativt krevjande, kan det vere behov for starthjelp. Slike prosjekt kan difor få tilskot inntil 100% av godkjent kostnadsoverslag. Planleggings- og tilretteleggingsprosjekt av denne typen bør resultere i gode og konkrete natur-, kulturlandskaps- og forureiningstiltak knytt til landbruket, som i sin tur kan få SMIL-tilskot for å blir gjennomført. Planleggingsprosjekt kan gå parallelt med søknad og gjennomføring av fysiske tiltak, og det vil då kunne vere med å finansiere den administrative delen ved gjennomføringa av dei fysiske tiltaka.

Søknad, tilskotssatsar og vedtak

Søknadar vil bli behandla og vedteke administrativt i eining for areal og forvaltning i Vindafjord kommune, og blir behandla etter **søknadsfrist 1. mars** på våren. Dette er for å kunne prioritere mellom dei forskjellige søknadane etter prioriteringslista (sjå neste side). Søknadar som kjem inn etter 1. mars vil bli behandla fortløpande gjennom resten av året basert på resterande midlar. Søknadar vil bli prioritert ut frå type tiltakskategori (sjå neste side) og disponibel økonomisk ramme innanfor ordninga. Søknadar skal sendast inn digitalt via Altinn. Meir informasjon om SMIL, søknad og utfylling av søknadsskjema finn ein på [Landbruksdirektoratet sine nettsider](#).

Etter SMIL-forskrifta (forskrift om spesielle miljøtiltak i landbruket) kan det ikkje bli gitt tilskot som overstig 70% av godkjent kostnadsoverslag. Unntak er særskilte tiltak for biologisk mangfald og planleggings- og tilretteleggingsprosjekt der fleire søker i lag. Her kan det bli gitt tilskot inntil 100% av godkjent kostnadsoverslag.

Prioritet: Skala frå 1 til 5 (1 har høgast prioritet og høgast tilskotssats, 5 har lågast prioritet og lågast tilskotssats).

Tilskotssats: Høgaste tilskotssats som kommunen kan løyve, må stå i forhold til prioritet.

	Miljøtema	Prioritet	Tilskot inntil...
Kulturlandskap	Verdifull innmark	2	70%
	Verdifull utmark	2	70%
	Fjerning av piggtråd	2	70%
	Planlegging/skjøtselsplan	3	70%
	Andre tiltak kulturlandskap	3	60%
Biologisk mangfald	Høle eiker	1	100%
	Slåttemark/slåttemyr	1	100%
	Kystlynghei	1	80%
	Gamal kulturmark	2	80%
	Trua naturtypar	1	90%
	Biologisk verdifulle areal	1	90%
	Framandartar	1	90%
	Trua artar	1	100%
	Pollinerande insekt	1	100%
	Planlegging/skjøtselsplan	2	90%
	Andre tiltak for biologisk mangfald	2	70-90%
Kulturminne/kulturmiljø	Automatisk freda kulturminne	4	60%
	Verneverdige bygg	3	70%
	Steingjerde o.l.	5	50%
	Kulturmiljø	3	70%
	Andre tiltak kulturminne/miljø	4	70%
Friluftsliv	Turstiar – etablering og istandsetting	4	70%
	Gjerdeklyvar/hundeport	3	70%
	Andre tiltak for friluftsliv	4	70%
Avrenning til vatn	Utbetring av hydrotekniske anlegg	2	70%
	Gjenopning av bekkelukkingar	1	70%
	Erosjonssikring	4	60%
	Planting av kantvegetasjon langs vassdrag	1	70%
	Flaumdempende tiltak	2	70%
	Fangdammar, reinsepark	1	70%
	Avrenning veksthus	2	70%
	Andre tiltak mot avrenning til vatn	2	70%
Utslepp til luft	Lufttett dekke over eksisterande gjødsellager	5	35% (maks kr 100 000,-)
	Andre tiltak utslepp til luft	3	70%
Plantevernmiddel	Biobed	3	60%
	Andre tiltak tilknytt plantevernmiddel	5	50%